



Sak nr 9/2012

Møtedato: 28.3.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Jaktkortordninga

Rypebestanden har vore spesielt svak dei siste tre åra. Det starta med ein svært dårleg produksjon i 2009 og det vart på ny ein dårleg produksjon i 2011. Etter det dårlege produksjonsåret i 2009, redusert fjellstyret talet på jaktkort med 1/3 i 2010. Fjellstyret drøfta også freding av rype i ved fastsetting av kvote etter taksering i august 2011. Det var ikkje teke atterhald om freding ved utsending av jaktkort og fjellstyret fann derfor ikkje å kunne totalfredede rype på så kort varsel. Det vart i staden sett så låg kvote som mulig, eitt vilt pr. jeger, og tilbod å returnere kortet med delvis refusjon av innbetalt beløp, 53 jegerar returnert jaktkortet. Restriksjonane gjorde at vi avgrensa fellinga av rype til 37 stk og tiltaket var i så måte vellykka.

Foreløpige konklusjonar frå "Rypeprosjektet":

- *Kyllingproduksjon på under 2,5 kyllinger pr. rypepar gir ikke et jaktbart overskudd*
- *Et jaktuttak tilsvarende 15 % av taksert høstbestand synes forsvarlig*
- *Et jaktuttak over 15 % kommer i stor grad i tillegg til naturlig dødelighet*
- *Ved å redusere beregnet septemberkvote med ca 30 % kan vinterjakt gjennomføres som tidligere (gitt at ikke høstjakt gjennomføres)*
- *En fordeling av beregnet septemberkvote kan fordeles gjennom hele sesongen avhengig av hvor mye som til ethvert tidspunkt skytes*
- *Begrensning av jaktuttaket gjennom jakttrykk (dager/km²) er avhengig av at man har god kunnskap om områdespesifikke forhold*
- *Bruk av refugiekonseptet i rype- og skogsfuglforvaltning må utprøves i større målestokk før konklusjoner kan trekkes*
- *Rypejegere foretrekker sesongkvoter og forvaltningen bør forsøke å legge til rette for dette*
- *Taksering av områder er et svært godt grunnlag for beslutninger om forvaltningsgrep, gitt taksering av god kvalitet*

Endelegje resultat frå "Rypeprosjektet" er lova å koma ut som ei handbok i rype forvaltning i løpet av 2012.

Takseringen frå 2011 viser ein total lirypebestand i statsallmenningen på ca 500 liryper. Berekningane er usikre, men viser omtrent kva nivå vi ligger på. Både i 2009 og 2011 var kyllingproduksjon under 2,5. Sidan det vart felt svært få ryper i år, er det meir usikkert kor stor kyllingproduksjon var i 2011. Takseringsresultat viser kyllingproduksjon under 2,5. Avskytinga i 2011 var på ca 7,5%, men stamma vart sannsynlegvis likevel svekka pga dårleg kyllingproduksjon.

Mangel på sikker kunnskap bør ikkje hindre iverksetting av tiltak for å verne biologisk mangfald når truslar om tap er tilstades. Dette er uttrykt slik i Naturmangfoldlovens § 9: " *Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.*"

Alternativ for jaktkortordning i 2012:

- **Stoppe rypejakta :** For å få rypestamma raskast opp på eit bra nivå, er freding av rype i 2012 det beste tiltaket.
- **Redusere talet på kort:** Dette vil kunne få effekt over tid, men vil ikkje vera på langt nær så effektivt for å få opp bestanden av rype.
- **Fortsette kortsalget som i dag:** Stamma vil kunne bygge seg sakte opp om det blir god kyllingproduksjon, men ved eit snitt som dei siste tre åra vil stamma blir ytterlegare redusert.

Småviltjakt er ein viktig del av økonomien til fjellstyret og gir ei inntekt på ca kr 265.000. Harejakta bør kunne gå uendra og inntekta utgjør ca kr 30.000. Om fjellstyret vel å halde fram med orrfugljakt/treningskort vil det kunne gi eit tilsvarende inntekt som harejakta. Freding av rype vil utgjera eit tap på ca kr 200.000.

Framlegg til reguleringar har vore lagt ut til gjennomsyn på fjellstyret si nettside. Vestre Slidre kommune har ingen merknader til at det blir innført strengare regulering, inkludert totalfreding av rype. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har heller ingen vesentlege merknader til reguleringane, men det er ein føresetnad at det blir sett ned ei gruppe for å arbeide med tiltak for å redusere smårovilt.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å ikkje selja jaktkort for rypejakt under jakta til hausten og at treningskort for fuglehund gjeninnført. Kortordninga blir som følgjer frå tabell:

	Kort for	Jakttid	Jaktområde	Antall kort	Pris			
					1 dg	5dg	veke	sesong
Innan- og utanbygdsbuande	smårovvilt m.m.	01.1-31.12	ingen feltinndeling	Fritt	-	-	-	50
	and og ringdue	21.08-14.09	ingen feltinndeling	Fritt	75	-	300	450
Utanbygdsbuande	orrflugljakt u/hund	15.09-19.09	eige felt for orrflugljakt	13	-	700	-	-
		20.09-24.09	orrflugljakt	13	-	700	-	-
	orrflugljakt m/hund	15.09-19.09	eige felt for orrflugljakt	27	-	750	-	-
		20.09-24.09	orrflugljakt	27	-	750	-	-
	treningskort fuglehund	15.09-19.09	ingen feltinndeling	27	-	640	-	-
		20.09-24.09	ingen feltinndeling	27	-	640	-	-
	harejakt m/hund	05.10-11.10	ingen feltinndeling	100	-	-	900	-
		05.10-14.10			-	-	1100	-
05.10-14.12		-			-	-	1300	
harejakt m/hund	15.10-14.12	ingen feltinndeling	Fritt	190		800	1200	
Innanbygdsbuande	orrflugl- og harejakt u/hund	orrflugljakt: 15.9-24.9	eige felt for orrflugljakt	Fritt	175	750	1200	
		harejakt: 15.9-14.12	ingen feltinndeing					*harejakt
	orrflugl- og harejakt m/hund	orrflugljakt: 15.9-24.9	eige felt for orrflugljakt	Fritt	190	800	1300	
		harejakt: 15.9-14.12	ingen feltinndeing					*harejakt
	treningskort fuglehund	15.9-24.9	ingen feltinndeling	Fritt	150		640	-

Dagskvote for orrflugljakt blir sett til 1 orrflugl pr. dag. Det skal gjennomførast taksering av rype som tidlegare.

Fjelloppsyn I og II deltek i arbeidsgruppe som Vestre Slidre jeger- og fiskarlag forslår.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.3.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag
Vestre Slidre kommune